



Arkivnr: 2019/10609-2

Saksbehandlar: Kristine Angelsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		04.06.2019

Høyring - endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet sendte 10. april 2019 forslag til endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova. Departementet føreslår å endre reglane om fråværsgrensa slik at delar av trafikkopplæringa kan gi grunnlag for dokumentert fråvær, det vil seie at slikt fråvær kan unnatakast fråværsgrensa. Departementet føreslår at unntaket skal gjelde for delar av den obligatoriske opplæringa for krava til førarkort klasse B.

Høyringsfristen er **7. juni 2019**.

Økonomi: Ingen kjent effekt

Klima: Ingen kjent effekt

Folkehelse: Endringane kan føre til auka gjennomføring på vidaregåande skule.

Regional planstrategi: I tråd med regional plan for folkehelse

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar forslag til endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova, men vil peike på at det er viktig å få fram at elevane har ansvar for å delta i vurderingssituasjonar og vere nok til stades i opplæringa til at lærarar får grunnlag for vurdering. Vidare at elevane må så langt råd er forsøke å legge slik køyreopplæring utanom ordinær skuletid.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.05.2019

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag om endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova. Forslaget går ut på å endre reglane om fråværs grensa slik at delar av trafikkopplæringa kan gi grunnlag for dokumentert fråvær, det vil seie at slike fråvær kan unntakast fråværs grensa. Departementet føreslår at unntaket skal gjelde for delar av den obligatoriske opplæringa i krava til førarkort klasse B.

Bakgrunnen for forslaget er at i Granavold-plattformen følgjer det at «fråvær grunnet obligatoriske timer for trafikkopplæring skal unntas fra fråværs grensen». Vidare har det kome signaler om at det er vanskeleg for elevar i vidaregåande skule å kombinere trafikkopplæring med deltaking i den vidaregåande opplæringa etter at fråværs grensa vart innført hausten 2016. Departementet meiner difor at regelverket bør endrast slik at elevane på ein betre måte kan kombinere trafikkopplæring med vidaregåande opplæring.

Gjeldande rett

Kunnskapsdepartementet innførte reglar om fråværsgrense hausten 2016. Fråværs grensa gjeld for alle elevar i vidaregåande skule. Den gjeld ikkje for lærlingar, lærekandidatar eller deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne. For offentlege vidaregåande skular er reglane regulert i forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd. For friskulane er det tilsvarende reglar i forskrift til friskulelova § 3-3 fjerde ledd.

Fråværs grensa inneber at ein elev ikkje kan ha meir enn 10 prosent udokumentert fråvær i eit fag. Viss det udokumenterte fråværet i eit fag er over 10 prosent vil eleven som hovudregel ikkje ha rett til å få halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter i faget, og læraren kan heller ikkje setje slike karakterar. Viss eleven har mellom 10 og 15 prosent udokumentert fråvær og fråværsårsaka gjer det klart urimeleg at eleven ikkje skal kunne få karakter, kan rektor bestemme at eleven likevel får karakter. Fråværs grensa gjeld timefråvær i enkeltfag, ikkje elevens totalfråvær.

Reglane om fråværs grensa skil mellom dokumentert og udokumentert fråvær. Ein elev kan altså likevel få halvårvurdering med karakter og standpunktakarakter dersom han eller ho kan dokumentere at fråværet over 10 (eventuelt 15) prosent kjem av følgjande grunnar: Helse- og velferdsgrunnar, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagt oppmøte, representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå, samt ved religiøse høgtider for andre trussamfunn enn Den norske kyrkja.

Vidare følgjer det av forskrift til opplæringslova § 3-3 tredje ledd at stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at lærar ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter. Dette gjeld uavhengig av om eleven har gått over fråværs grensa eller ikkje, eller om fråværet er dokumentert eller udokumentert. At desse reglane gjeld parallelt med reglane om fråværs grensa er presisert i § 3-3 fjerde ledd, siste setning.

Forslag til endringar

I forskrift til opplæringslova er forslaget om at følgjande endringar vert gjort (endringar i kursiv):

§ 3-3 fjerde ledd skal lyde:

«I vidaregåande skole skal eleven ikkje få halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. *Det same gjeld dersom fråværet skyldast følgjande delar av den obligatoriske trafikkopplæringa til førarkort klasse B: sikkerhetskurs på bane og andre og tredje del av sikkerhetskurs på veg, jf. trafikkopplæringsforskriften kapittel 11.*

Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværs grensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter, jf. tredje ledd.

Tilsvarande endringar er føreslått gjort i forskrift til friskolelova § 3-3 fjerde ledd, men vert ikkje attgjeven her.

Unntaket om trafikkopplæring til førarkort klasse B er avgrensa til å gjelde fråvær for 4 timer sikkerheitskurs på bane, samt 9 timer av sikkerheitskurs på veg. Unntaket gjeld altså totalt 13 timer av den obligatoriske trafikkopplæringa. I tillegg vil rimeleg reisetid vere omfatta av det dokumenterte fråværet. Med rimeleg reisetid meiner departementet at det bør tilseie at eleven for eksempel vel trafikkskular i eleven sitt eller skulen sitt lokalområde.

At nettopp desse 13 timane vert unntatt reglane om fråværsgrensa grunngir departementet med at desse timane kan vere vanskeleg for elevane å få gjennomført utanom skuletida. Departementet legg vekt på at elevar i vidaregåande opplæring som hovudregel skal vere til stades i undervisninga. Med dei unntaksmoglegheitene som er lagt inn i forslaget meiner departementet at det vert lagt opp til ein god balanse mellom omsynet til at elevane skal vere til stades i undervisninga og det behovet elevane har for å kunne gjennomføre den obligatoriske trafikkopplæringa.

Andre avgrensingar departementet føreslår er at unntaket ikkje skal gjelde for den teoretiske og praktiske førarprøven, og at unntaket berre gjeld for førarkort klasse B. Vidare inneber forslaget ikkje endringar i reglane om fråværstføring. Departementet uttalar til dette at dei ikkje kan sjå at det er behov for endringar i reglane om fråværstføring, og at det avvik frå dagens system reint forskriftsteknisk, men at departementet ser få utfordingar med det. I forslaget er det heller ikkje fastsett ei absolutt maksgrønse definert i form av tal timer sidan reisetid skal inngå i det dokumenterte fråværet. I tråd med dei andre fråværstreglane vil det heller ikkje fastsettast særlege formkrav til dokumentasjonen elevane skal leggje fram, og det vil vere skulen som må vurdere om den framlagde dokumentasjonen er tilstrekkeleg.

Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune er i all hovudsak positive til forslaget om endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskolelova. Nedanfor vert det gjennomgått dei avgrensingane departementet kjem med i forslaget og dei merknadane Hordaland fylkeskommune har til desse. Vidare har fylkeskommunen bedt dei offentlege vidaregåande skulane kome med innspel, og desse vert attgjevne nedanfor.

Vurdering av avgrensingane

Departementet viser til konkrete delar av trafikkopplæringa som skal kunne unnatakast fråværsgrensa og set dermed ikkje ei absolutt maksgrønse definert i tal timer sidan reisetid også vil kunne inngå i det dokumenterte fråværet. Hordaland fylkeskommune vurderer at gjennomgangen med dei ulike delane av trafikkopplæringa som skal kunne unnatakast samt presiseringa om at rimeleg reisetid bør tilseie at eleven vel trafikkskular i eleven sitt eller skulen sitt lokalområde, er til god hjelp for skulane. Vidare meiner Hordaland fylkeskommune at dei 13 timane som skal kunne unnatakast fråværsgrensa er ei hensiktmessig avgrensing med omsyn til at elevane må vere til stades og delta aktivt i opplæringa.

Vidare er det foreslått at unntaket ikkje skal gjelde for den teoretiske og praktiske førarprøven og at unntaket berre gjeld for førarkort klasse B. Hordaland fylkeskommune vurderer dette som også ei hensiktmessig avgrensing. Når det gjeld den teoretiske og praktiske førarprøven kan ein risikere at elevar stryk opptil fleire gonger. Dersom tida ein elev brukar på dette skulle vore unntatt fråværsgrensa hadde det vore nødvendig med ei grense for tal stryk, noko som kunne verka urettferdig for nokre samt vanskeleg å praktisere for skulane.

Forslaget frå departementet inneber ikkje endringar i reglane om fråværstføring. Departementet uttalar at dei ikkje kan sjå at det er behov for endringar i desse reglane. Dei viser til at elevar som ønsker det kan be om at årsaka til fråværet går fram av eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset. Hordaland fylkeskommune stiller spørsmål til om denne skilnaden mellom reglane om fråværstføring og reglane om fråværsgrensa er gunstig. Desse reglane heng nøye saman allereie og det kan verke kunstig at ikkje dei vert endra saman. Hordaland fylkeskommune ber om ei grundigare grunngjeving på kvifor departementet vel å berre endre reglane om fråværsgrensa.

Vidare vil ikkje departementet fastsette særlege formkrav til dokumentasjonen skal leggje fram, i tråd med dei andre fråværsreglane. For at praktiseringa av dei nye reglane, dersom dei vert vedtekne, skal verte mest mogleg føreseielege for skulane, elevane og trafikkskulane, ber Hordaland fylkeskommune om at departementet vurderer å utarbeide ein nasjonal mal. Det er allereie vanskeleg for skulane å vurdere om den framlagde dokumentasjonen er tilstrekkeleg ved dei andre fråværsreglane, og dei nye reglane vil ytterlegare bidra til dette.

Innspel frå skulane

Tilbakemeldingane frå skulane er delte. Nokre er skeptiske til forslaget. Grunngjevinga her går mellom anna på at det kan bli krevjande å handtere for fag med lågt årstimetall. Det vil potensielt bli færre vurderingssituasjonar, og i små fag (til dømes geografi, kroppsøving og idrett og samfunn) vil dette kunne skape meir arbeid for lærarar som allereie tykkjer det er krevjande å få elevane på plass i klasserommet for vurdering. Eit anna innspel går på at anten bør ein la køyreopplæringa generelt vere unntatt, eller la reglane vere som i dag. Til dette vert det uttalt at det generelt er ei utfordring i skulen med kategoriske lovar, forskrifter og reglar som over tid vert uthola med ei rekke spesifikke og mindre spesifikke unntaksreglar som krev saksbehandling, og som igjen kan skape usemje om tolkingar med påfølgjande klagebehandling. Å skulle unnta spesifikke delar av køyreopplæringa vil ytterlegare bidra til denne situasjonen.

Andre skular er positive til endringa og meiner endringa vil betyr mykje for mange elevar, særleg elevar i yrkesfaglege programområde då det er særleg viktig for desse å ha førarkort for å kunne fungere best mogleg i læretida i bedrift. Det er også gitt innspel på at ein hadde sett at unntaket gjaldt teoretisk og praktisk førarprøve også.

Felles for skulane er at det er viktig å få fram at elevane har ansvar for å delta i vurderingssituasjonar og vere nok til stades i opplæringa til at lærarar får grunnlag for vurdering. Vidare er det også uttalt at elevane må så langt råd er forsøke å legge slik køyreopplæring utanom ordinær skuletid.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune støttar forslag til endringar i forskrift til opplæringslova og forskrift til friskulelova, men vil peike på at det er viktig å få fram at elevane har ansvar for å delta i vurderingssituasjonar og vere nok til stades i opplæringa til at lærarar får grunnlag for vurdering. Vidare at elevane må så langt råd er forsøke å legge slik køyreopplæring utanom ordinær skuletid.

Link til høyringa: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-forskriftsendringer-fravarsgrensen-og-trafikkopplaring/id2640157/>